

To skadd i kollisjon ved Eidsvik

25.10.2010



Bilen som vart hardest skada i kollisjonen like ved Børnes-krysset. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Det er såpeglatt på fylkesveg 48 i morgontimane i dag og like før klokka 7 vart ei kvinne og ein mann skadd i ein kollisjon like ved Børnes-krysset i Uskedalen. Dei er busette høvesvis i Herøysund og Uskedalen.

**Bilane deira kolliderte front-mot-front og kvinna vart sittande fastklemt.
Dei materielle skadane var store, særleg på den eine bilen.**



Denne bilen slapp lettere frå det i kollisjonen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Det var stortrykning med politi, ambulansar, brannvesen og luftambulanse og den skada vart transportert til Haaukeland med den

siste. Lukkelegvis har ho berre fått mindre skadar og er innlagt til observasjon.

Føraren av den andre bilen fekk også mindre skadar og vart køyrt til sjukehuset på Stord for kontroll.

Det danna seg snart fleire hundre meter lange køar i fylkesvegen og den var stengt ein times tid.

Men ved 8-tida vart han opna att og politiet var på staden og foretok manuell dirigering slik at køane vart relativt raskt avvikla.

Vegfarande reagerer på at vegen ikkje var salta eller strødd.

Av Ola Matti Mathisen